

Årsmelding 2019 - Vang frivilligsentral



Sentralen held ope måndag, tysdag og onsdag frå 11:00 til 15:00 på Vangstunet.

Marte Tangen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling.



Lunch for faste frivillige + tilsette i biblioteket og frivilligsentralen

Vang frivilligsentral har følgjande handlingsplan:

Hovudmål: ***Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang***

Visjon: **Møte mellom menneske**

Delmål og korleis desse har vore løyst i 2019:

Delmål 1: *Vere ein sosial møteplass på tvers av alder, bakgrunn og interesser*

Ope: Sentralen har ope 3 dagar i veka, og mange bruker lokala til å studere, låne datamaskinar, spele spel osv.

Arrangement: Saman med biblioteket og andre har frivilligsentralen arrangert 25 enkeltarrangement i 2019, som foredrag, fleirkulturelle festar, kurs mm. Til saman deltok om lag 1630 besökande på desse arrangementa, + om lag 790 på våre faste aktivitetar. (sjå s 4-7)

Utfordring: På ‘sitte-arrangement’ med over 100 frammøtte er det framleis utfordrande å ha plass til alle. Det vore hensiktsmessig å gjere noko med deleveggen mellom galleriet og lokalavdelinga.

Delmål 2: *Vere ein støttespelar for frivillige lag og eksisterande aktivitetar i kommunen*

Vinjerock: Mangfaldsprosjektet held fram, med fokus på rekruttering av lokal ungdom, inkludering av funksjonshemma, og integrering av flyktningar. 6 flyktningar og 8 Vangsungdommar var med som frivillige på festivalen i 2019.

#VÅRTNABOLAG: 7. september var vi med å arrangere eindagsfestivalen for 4. gong, saman med Oslo World, Vinjerock og mottaketsenteret.

Fotballturnering: 6 lag deltok på Tveit 15. september, som vi arrangerte i samarbeid med FK Vang og mottakssenteret for 5. gong.

Støttespelar: Fleire av arrangementa våre er i samarbeid med frivillige lag. I tillegg hjelper sentralen til med marknadsføring på ei rekke andre arrangement.

Delmål 3: *Auke det eksisterande tilbodet der det er behov*

Oppdrag: I 2019 løyste vi 12 enkeltoppdrag, mellom anna språktrening og hagearbeid. Både lekseklubben og middagsserveringa på Utsikten har gått stabilt heile året, med til saman 15 aktive frivillige. 7 frivillige har øvingskøyrt til saman 55 turar med 9 ulike elevar i 2019. 2 av elevane har tatt lappen i 2019.

Julegåvedugnad: Sentralen har tatt i mot og pakka inn mengder med gåver som tidlegare år.

Utstyrssentral: Vi har i 2019 jobba vidare med å utgrei ein utstyrssentral i Vang. Vi har søkt og fått 100.000 frå Sparebankstiftelsen DNB, og utarbeidd sak som skal opp i kommunestyret i 2020.

Dighjelp: Saman med biblioteket har vi satt i gang eit program for å utdanne oss sjølv til å bli gode rettleiarar for publikum som ønskjer hjelp med digitale spørsmål.

Julaften: I samarbeid med dei andre sentralane i Valdres arrangerte vi for 1. gong felles julaften-feiring på Fagernes. 26 gjestar og 22 frivillige frå heile dalen deltok, 2 frivillige og 5 gjester var med frå Vang.

Delmål 4: *Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda*

Synleg: Frivilligcentralen har eiga nettside, og facebookside med 857 følgjarar pr 31.12.19. Vi publiserte 114 innlegg i 2019.

Sentralen og biblioteket har også pressemelding og annonse på trykk i avisa Valdres ved dei fleste arrangementa, samt heilsider menighetsbladet.

Tilstades: Dagleg leiar opplever det utfordrande å kome nok ut for å møte folk 'der dei er'.

Frivillige

60 frivillige har utført om lag 710 timer med frivillig arbeid for sentralen dette året. Av desse er ca 36 % kvinner og 64 % menn. 33 % er bebuarar på mottaket. 20 % er pensjonistar.

Økonomi

Kommunen fikk dette året 414.000,- frå staten for å ha frivilligcentral. Samla driftsregnskap: 794.576,-

Styrearbeid og årsmøte

Hovedutval for levekår er sentralen sitt øvste organ. Årsmøte 2019 vart halde 6. mars. For 2019 vart følgjande styre valt:

Ragni Almenning Havro	(styreleiar)
Erik Martinsen Dalåker	(rep. frå adm.)
Leif Hjalmar Søndrol	(rep. frå HUL)
Kari Hagaseth	
Hallgrim Rogn	
Gerd Marken	
Hadgu Gebreluul	
Laila Otervik	(vara)



Gerd, Kari, Leif Hjalmar, Ragni og Hallgrim

Styret har hatt 3 styremøter, samt bidrege på julegåvevedugnaden og enkelte arrangement.

Regionalt arbeid

Som nettverksleiar for Vest-Oppland nettverksgruppe har dagleg leiar koordinert 4 nettverksmøter, samt hatt ansvar for oppfølging av nye daglege leiarar i nettverket.

Ho har også arbeidd mykje med eit regionalt opprop til regjeringa, for å endre vedtaket som er gjort om at finansieringsmodellen frå 2021 skal gå ut frå innbyggjartal.

I desember hadde ho site som leiar i nettverksgruppa i 4 år, og ny leiar vart valt, i tråd med nettverket sine vedtekter.

VÅRPROGRAMMET I SAMARBEID MED BIBLIOTEKET

		Besøk
Onsdag 6.2 kl 19	Øvingskøyringskurs - Heidi Hålien frå Valdres trafikkskole gir tips og råd til både frivillige ledsagarar og andre som skal drive med øvingskøyring	8
Sundag 10.2 kl 19.30	Nye Vangsgjeldingar Vang mållag presenterer nye sambygdingar, gjennom samtale og musikk	30
Laurdag 16.2 kl 13	Handarbeidsverkstad - med Vang husflidslag. For ungar frå 6 år	20
Torsdag 21.2 kl 12	Morsmålsdagen Diktlesing og musikk, i samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringscenter	100
Veke 9	Vinterferieaktivitetar LEGO, musikkteateret <i>Dyriske strofer</i> og filmen <i>Min nabo Totoro</i> - sjå eige program	100
Tysdag 5.3 kl 19	Kulturminner i Vang Konferansier: Jon Eggen. Opning av utstillinga <i>Handverka-ren</i> - fotograf Anne-Marte Før	50
Onsdag 20.3 kl 19	Nye klimamogelegeheter for Vang og Valdres - Ordførar i Hamar Einar Busterud, Jenny Skagestad frå ZERO, lokal listetoppdebatt. Samarbeid med Vinjerock	50
Laurdag 23.3 kl 13	Handarbeidsverkstad - med Vang husflidslag. For ungar frå 6 år	20
Fredag 29.3 kl 12.30	Bokleik - For alle 6-åringar/skulestartarar	15
Onsdag 3.4 kl 19	Hemningslaus Torstein Lerhol lanserer sin ferske sjølvbiografi, i samtale med Knut Aastad Bråten	100
Tysdag 7.5 kl 19	Konsert med Tove Bøygard	65
Tysdag 21.5 kl 12	Sykkelmekking Frivillige hjelper deg å få sykkelen i stand for våren	25
Tysdag 28.5 kl 19	Sagaøya Island Ei reise i historie og bilete, med Carl Philip Weisser og Oddvin Almenning	100
Laurdag 1. 6	Årets Sommarles-kampanje startar	
Fredag 14.6 kl 12	Fleirkulturell vårfest - NB: på Bøflaten camping! Mat frå heile verda, i samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringscenter	130
Laurdag 22.6 kl 14	Opning av årets sommarutstilling	25

FASTE AKTIVITETAR

		Besøk, snitt
Tysdagar kl 15.30	Lekseklubb	100 (20 x 5 stk)
Fredagar kl 19-22	Social club / filmnight	80 (8 x 10 stk)
Tidspunkt: sjå valdresbiblioteka.no	Lesesirkel	20 (4 x 5 stk)
Sundagar	Middagsservering på Storplogen	100 (20 x 5 stk)
Onsdagar kl 12	Norsktime med Elisabeth Sparstad	175 (25 x 7 stk)

Til saman deltok om lag 840 på vårens arrangement + om lag 475 på våre faste aktivitetar



Øvingskøyringskurs



Morsmålsdagen



Tove Bøygard



Hemningslaus



Sykkelmekking og elsykkeltesting



Fleirkulturell vårfest

HAUSTPROGRAMMET I SAMARBEID MED BIBLIOTEKET

		Besøk
Onsdag 28.8 kl 19	Valdebatt - kommuneval 2019 Listetoppar med fleir frå SP, MDG, AP og BIV. Debattleiar: Erik Wold	130
Laurdag 14.9 kl 12	Avslutning av årets sommarles Trylleshow med Alexander Haugaas, og premiar til vinnarane	120
Onsdag 25.9 kl 19	The Waiting Game Førpremiere på Kalandra sin musikkvideo frå Tyin, med minikonsert og bakomprat	45
Fredag 4.10 kl 14	Den gamle konen og krokodillen Musikkteater for ungars, med Hege Rimestad og Raymond Sereba	47
Fredag 18.10 kl 10-14	Nettbankkurs Valdres Sparebank kursar sine kundar i nettbank på data, nettrett og mobil	avlyst
Onsdag 23.10 kl 19	Lansering av Vangsalbumet Lokalhistoriske bilete frå Vang, i samarbeid med Vang historielag	100
Tysdag 29.10 kl 19	Lesegleider i bokåret 2019 Stjerneformidlarar frå Fylkesbiblioteket presenterer nye, aktuelle bøker	15
Onsdag 6.11 kl 19	Bokbad Kirsti Baggethun i samtale med forfattar Thorvald Steen	30
Onsdag 20.11 kl 19	Arrangørkurs med Vinjerock og Jørn Hilme-stemnet Tips og råd – om du skal arrangere festival, dugnad, konfirmasjon eller 60-årsdag	8
Onsdag 4.12 kl 19	Bokkveld med utdeling av positivprisen, og feiring av urfolksåret 2019 Kjell Bitustøyl, samisk mat og utstilling, Filefjellboka med Anders Lundberg	70
Tysdag 17.12 kl 12	Fleirkulturell julelunsj Mat og prat, i samarbeid med Vang mottakssenter og Vang læringssenter	100
+ 4 filmvisningar og 1 musikkteater i haustferien:		125

FASTE AKTIVITETAR

		Besøk, snitt
Tysdagar kl 15.30	Leksekubb	75 (15 x 5 stk)
Onsdagar kl 12	Norsktime med Elisabeth Sparstad	140 (20 x 7 stk)
Tidspunkt: sjå valdresbiblioteka.no	Lesesirkel	15 (3 x 5 stk)
Sundagar	Middagsservering på Storplogen	85 (17 x 5 stk)

Til saman deltok om lag 790 på haustens arrangement + om lag 315 på våre faste aktivitetar



#VÅRTNABOLAG



fotballturnering



Valdebatt



The waiting game



Bokkveld



Fleirkulturell julelunch

Takk til alle frivillige som stiller opp, utan dykk er vi ingen ting!



Kontakt

61 36 94 25 // 46 81 64 73
www.vang.frivilligsentral.no

frivilligsentralen@vang.kommune.no
www.facebook.com/vangfrivilligsentral